

# **i u-lage**

*Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag*

04/05



# Heisann godtfolk!

## Leiar

Av: Øystein Bergøy

Det er ei stor glede for meg, som rykande fersk redaktør, å skrive min første leiar. I tida framover vil me i redaksjonen prøve å tilføre den kjære avisa vår nokre nye sider (ikkje fleire papirsider nødvendigvis, men eg reknar me at du forstår kva eg meiner). Me vil prøve å få lesarane meir engasjerte og få i-ulage til å bli meir enn ei "rapportavis". Med dette meiner me, kort fortalt, at avisa skal innehalde meir enn hovudsakeleg ein omtale av arrangementa.

Til no tykkjer eg at me har kome ganske langt i arbeidet. Eg tenkjer då sjølv sagt på den framifrå heimesida vår: [www.iulage.no](http://www.iulage.no). Det er gledeleg for meg å sjå at dei første herleg usaklege argumenta allereie har byrja å florere på "lesernes side" på nettsida. Arbeidet

Henning har lagt ned i nettstaden kan berre ikkje rosast nok!

I tillegg er leiinga av avisa teken over av ein redaksjon etter å ha vore driven av styret sidan Kåre gjekk av som redaktør. I desse tunge tider for avisbransjen, der dagbladet og andre store aviser må skje- ra ned, ekspanderar i-ulage! Eg trur at me går lyse tider i møte kjære lesar!

Me går også bokstaveleg talt i mot lysare tider. Det er snart sommar. Dette har Marianne messa om i avisa sidan snøen smelta, så eg vil ikkje dvele så forferdelig mykje ved det her i denne artikkelen. Sommar i ungdomslaget betyr arrangement av høg kvalitet og generelt god gang! Sommarkomiteén tek over etter St. Hans, og arrangementa deira pluss sommarkaféen plar vere høgdepunkta i sommarkvardagen. Dette er noko alle

bør gle seg til!

Heilt til slutt vil eg berre gje leiar Marianne ros for å ha sett det å arrangere ungdomsmøter på hovudstyret sin arbeidsplan. Dette har styret klart veldig bra! Desse arrangementa har vore ganske så populære med både godt oppmøte og god deltaking. Det er viktig at me trass alt ikkje gløymer kvifor me eigentleg driv ungdomslaget!

No trur eg at eg vil runde av før eg bruker opp min tildelte kvote for utropsteikn (!). Eg ser fram til å arbeide med avisa framover, og eg håper at de vil bere over med det utalet innskotne undersetningar eg klarer å produsere i løpet av ein tekst (i denne var eg faktisk imponert over kor få det var).

# Snart sommar, sol og ferie

## Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Då va me ein gong me ein sommar månad, å det kjennes bra ut i adle krinklar og krok, slikt like me! At Hovudstyret snart e ferdige for detta året e knapt nok ikkje te å tru, året har jo sprunge i frå oss! Kor e dagane blitt av??

Like det litt godt og eg, for sommar, sol og ferie e toppen! Det e litt herligt å konna legga seg godt bakøve i solstolen og tenka at årets styrer har klart seg veldig bra og at møje positivt e blitt gjort på Lauvsnes igjønå året! Så eg smile eg, å e stolte av gjengen eg har, og har hatt med meg! Mången av i styre har stått på og jobba knallhardt for Ungdomslaget og vore med på å gjort Lauvsnes te ein kjekke møteplass for ungdommen på adle vis, sosialt og åndelig. Tabbar og

feil har der nok vore, men d e meget menneskelig. Feil e greie slik at me lere av di, så når lærdommen har stempla seg inn i oss så glømme me tabbane og tenke på det positiva!

Som formann e eg meget gla for å fått vore tilskuar te kor møje någen har vokse på å ver med i Hovudstyret. Gleden i å se slike ting skje, e heilt fantastiske! Det e når du ser slike forandringar, at du merke særdeles godt at Gud velsigne laget vårt og at Han e med oss i alt det me tar oss føre! Fantastisk! Å Gud velge heilt vanlige folk te å ver sine disiplar, og lar ikkje alder ver någen hindring, Gud vil bruka adle! Å Han lar oss prøva oss, og lar oss få gjer någen feil uten at Han kaste oss vekk, det Han gjer e å reisa oss opp igjen og støtta oss slik at me stadigt bler visare og bedre i rollen

som disippel. Hadde Han vore meir "pirkitte", hadde eg aldri såte som formann, det e sikkert! I Skaparen si hånd blir me forma slik som Gud vil ha oss.

Forresten, Ungdomslaget har nå fått seg egå nettsia, som me e meget stolte av, all ære te an broremann!! (Henning Ildstad) Klikk deg inn på [www.iulage.no](http://www.iulage.no) du og, og sjå ka me drive med på Lauvsnes! Her finne du blant aent: gjestebok (skriv gjerna inn ei helsingg), litt historikk om Finnøy Kristelege Ungdomslag, øvesikt øve styrå i dag og adle formennene opp igjønå, nettkiosk, øve 800 bilder frå ca 60 arr og møje møje meir! Kjekt om du besøke oss der!

Ja, då trur eg at eg har sagt mitt. Ein ting te: fortsett å be for oss, og tusen takk te adle som allerede gjer det!

# Jeg er i Herrens hender

## Andakt

Av: Camilla Mjølvsnes

Någen gonger e de så vanskelig å vær kristen. Folk forvente liksom någe av deg, å de e så lett å føla at du ikkje trur hardt nok å at Gud ikkje hørre når du ber. Men ligavell, de å konna tru på at Jesus dødde for meg, å at Han sto opp ijenn, e de viktigaste i mitt liv! Sama kor tungt eg har de, å sama kor møyje eg føle at eg ikkje når heilt opp, så e eg lykkelige. Inni meg. Eg kan jo såklart ha de tungt, å vær skikkeligt nerføre, men ligavel vil eg sei at eg e lykkelige. De komme jo litt an på koss du definere lykke, men for meg e de de at eg e elska. At eg e nok verdt, uansett. At eg e trygge. De e jo kje meiningå at me som trur på Jesus ska ha de strålandes heila tiå, men eg trur de e litt meiningå at me ska veda at me kan komma oss ijønå alt de vonda. Jesus sa at me ikkje sko få hardare prøvelsar enn de me kan klara. "Som din dag er skal din styrke være".

Eg kan kje bevisa at Jesus har dødd å så stått opp ijenn, for meg å deg. De e på ein måte umuligt. Viss du ikkje føle de sjøl, e der heller ingen så kan bevisa någe. Å de e de så e någe av de vanskeligsta me å fortella om Jesus.. Eg leste i ei andaktsbog så hette WWJD?, å der sto de ganske bra. Ein gutt sa te kameraten sin, så trudde på Gud; "De fins jo ingen Gud å de vett du. Hvis Gud e virkelige, så bevis de her å nå! Kameraten tenkte seg om ei stonn, åsså sa an te an andre; "Eg ska bevisa at Gud e virkelige viss du fysst bevis någe du trur på. E du gla i faren din?" "Selfølgeligt, ka har de me sagen å jer?", fekk an som svar. "Bevis de", sa kameraten. Å de va jo lettare sagt enn gjort. De e liksom någe så bare kan opplevast.

I de sista, elle rettare sagt di fem siste månane(...) har eg leida itte Bibelen min. Når eg va heima i julå la eg an ein plass, å si eg e så flinke te å huska... Nei, eg fant an rett å slett ikkje ijenn! Men uansett, akkurat nå ringte mamma å sa u hadde fonne an! På ein måte, ikkje for å trekka for store parallellar mydlå

mamma å Gud, så hjelpe Han oss åg te å finna ting me leide itte. Meiningå me livet, for eksempel. Ka hadde vel egentligt vore meiningå me at eg sko leva, viss de ikkje va for Jesus? Forståeligt nok så hørres dette heilt usakligt ud for folk som ikkje allerede trur. Men for meg hørres de ganske bra ud. Eg har ein gronn te å leva, for å visa andre mennesker veien te Jesus (prøva, iallefall) , åsså har eg ein forholdsvis veldigt goe gronn te å dø. Eg får møda Jesus, å eg får et evigt liv i Himmelen. Der e ein ganske fine sangtekst så hette "Hjemme i Himlen", den bør du lesa viss du lure på koss de komme te å ble der=)

Nå har eg lyst te å avslutta me ein sang så betyr masse for meg. Denne sangen e heilt fantastiske, å eg føle meg liksom så sikker å trygge når eg hørre an. Håbe du føle de litt sånn, åg!;

"Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst. Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst. Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn, jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer. I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær. Om jeg i dype daler må gå den tunge vei, fra Himlens høye saler Has øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest. Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest. Han gir meg himlens nåde og setter englevakt, for natten han vil råde med hellig guddommakt.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når. Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får. Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn, og glemte er ve og vånde på vei til Himlen inn."

## Skilt ved Fødselen

Denne gongen har me fått inn to bidrag t spalten vår. Kjetil Sevheim mistenke Paris kan ha sterkare røtter frå Norge enn tidligare antatt. Redaktør Øystein derimot ligner på den mindre estetiske Hallgeir Langeland, i følge Kjell Morten Eggebø.

Hanne Vastveit



Øystein Bergøy



Paris Hilton



Hallgeir Langeland



Me blir svært glade dersom du også sender inn eit forslag til [post@iulage.no](mailto:post@iulage.no)

# Yes, I do

30. mars

Av: Lars Vangen

Det var vell ikkje heilt det som blei sagt denne kvelden, derimot noko så enkelt som "ja". Men eg synes at det passa mykje betre med "Yes, I do." som overskipt. For dei fleste veit vell kva tid dette uttrykket vart brukt. For som du sikker har gjetta så handla denne kvelden om kjærleik og skodespel då det vart arrangert bryllaup i ungdomslaget.

Dette arrangementet hadde vert planlagt i lang tid og ein kan vell seia at hovudstyret hadde lagt ned mykje arbeid i dette arrangementet. Det heile føregjekk på begge sider av den flotte øya vår, først var det viing på Lauvsnes og så gjekk turen vidare til Emmaus for å feira dei "gifte".

Alle som var tilstades denne kvelden hadde fått kvar si rolle som dei skulle vera. Rollene som brudepar var det Lars Reilstad og Aina Nærland som hadde. Elles var det mykje morosamt å sjå på lista over dei inviterte. Her var det gløymste gamle bestemor (Arna Egggebø), Supermann og far til brudgom (Terje Madland) og både trønderen i VG reklamen (Christher Falkeid) og Severin Suveren (Odd Bergøy) var å finna blant gjestane.

Det heila starta flott ute på Lauvsnes med ein heller morosam viing. Midt under sjølve seansen som prest for dagen Eirik Kongsvik hadde dukka Post-



Nyaste innan japansk pakketurisme: "Norwegian weddings"

mann Pat (Jakob Steines) opp med brev til han. Og som ikkje det var nok så visste deg seg at nokon truleg ikkje er heilt klar over kva det inneber å vera forlovar, for når ekteskapet skulle bevisas med ring då stod den eine forlovaren tomhendt. Dette i motsetning til den andre forlovaren som var tidig på plass med ein hageslangering. Den same fantasifulle forlovaren fylde opp med eit flott songinnslag, denne forlovaren med den hjartesmeltande stemmen var for kvelden Guri Vignes. Som sagt så gjekk turen etterpå til den sida av øya der det alltid regnar, blåser og sola ikkje kjem før klokka tolv for å feire "paret". På Emmaus der blei me om stunder servert eit særst flott måltid. Her er det nokon på kjøkkenet som skal ha ein stor takk, for

det smakte verkeleg. Vidare fortsette kvelden med morosame talar og songar. Og til neste år kan Russesøster (Marie Lunde) vera så grei å leggje igjen den høglydte blåsereiskapen heima. Då slepp ein kanskje å jage vekk dei få som ennå bur på vestsida. Mot slutten av kvelden då ein trudde folk var gått tom for påfunn dukka Kaptein Falkeid og Matros Handeland opp i ein gummibåt, dei to utfordra tyngdeloven så hardt at det heile måtte ende som det gjorde. Men trass i fallet med hovudet først ned frå scenen så var dei to "sailor-boyane" i full beheld. Denne kvelden trur eg dei fleste gjekk heim med ein følelse av å ha kosa seg, anten dei hadde vert Aerobic instruktør eller japansk turist.



Severin var Suveren som stå-inn for katten til Postmann Pat, Miss



"Ke du trur? Du sit no dær å ror!"



"Pliis Lars! Kan sje me få sidda på i Skodaen din?"

# Muldvarpen

14. mai



*Per kunne ikkje forklara det, men av å t fekk han denne merkelege følelsen av at d sto ein*

Av: Øystein Bergøy

**Ungdomslaget ville denne laurdagen gjenta suksessen frå førre sommar med å arrangera eit nytt moldvarpenarrangement. Saman med Lars Valken skulle underteikna organisere det heile. Dersom me ser bort i frå ei lita forsinking, gjekk sjølve organiseringa bra. Vêret såg også ut til å gjere moldvarpen 05 betre enn fjorårets då det var heller muggent.**



*Arna prøvte å skjula d me et anstrengt flir, men loktå va umiskjennelige. Snart bredde d seg ein pinlige stillhed øve forsamlingå*



*"Fillen!" tenkte Marita "Koffår sgo d bli fullmåne akkurat nå*

Då alle medarbeidarane våre var underretta om sine respektive oppgåver og sendte ut i felten, kunne moldvarpen 05 starte. Ungdomslaget sin versjon av moldvarpen er inspirert av realityserien med same namn. Folket blei delte inn i grupper på 5 stk. Gruppene skulle så besøkje fleire postar. Postoppgåvene varierte frå å lage ulike "pyramidar" av gruppedlemmane til at ein person skulle guide eit anna grupped medlem som hadde bind for augo gjennom ei løype på kortast mogleg tid. På kvar gruppe var det også peikt ut ein moldvarp som resten av gruppa ikkje visste om. Denne skulle prøve å sabotere postane for gruppa, slik at gruppa ikkje fekk poeng.

Då gruppene var ferdige med postane sine, blei det andakt ved Unni S. Vignes. Temaet var pinsereletert; den Heilage Ande.

Etter andakten stemmte kvart enkelt grupped medlem på kven dei meinte hadde vore gruppa sin moldvarp.



*Itte fleire forsøg fant Frank å Erlend t slutt ud at plastikken måtte av viss du sgo få ein best mulig pizza*



*Dette e d einaste bilde fotografen klarte å ta før Camilla fekk vist koss den nye bjørnafellå*

Det blei både kåra ei vinnargruppe og beste moldvarp. Den moldvarpen som hadde fått færrest stemmer, samt var på den dårlegaste gruppa vann. Beste gruppe blei kåra etter poeng. Hanna Nordbø blei kåra til kaldaste og beste moldvarp, tett etterfulgt av Roger Handeland. Ingen av desse fekk nokre stemmer, men Hanna si gruppe var den desidert dårlegaste. Beste gruppe vann med klar margin. Eg vil ikkje nemne gruppedlemmane med namn av den enkle grunn at eg ikkje hugsar kven alle var. For å kompensera for det håpar eg at me kan trykkje eit bilete av dei i staden.



*Kjerringbæringsøvelsen på "Ungkarsfestivalen" blir meir og meir eksterem for kvart år*

# Hipp hipp hurra!

## For 17. mai



Frå finn.no: Henning prøve å leda oppmerksomheten vekk frå dei svære rustflekkane.

Av: Marie Lunde

**17. mai e proppfulle av tradisjonar og nasjonalfølelse. Å så glæe eg e i denne dagen, vår store nasjonal-dag, fredsdag, påsedag, isdag, flagdag, familiedag, pluss masse andre dagar.**

For dei som va me på alt, blei 17. mai feira i tri elle fira trinn. Me begynte selvfølgelig me bilkortesjen, som va de absolutte høydepunktet i følge meg. Iulage stilte me bil og traktor me tilhengar. Utenom de va de bare ein liten Bergebu (uuuu) traktor me masse ungar og vannballongar i. De blei i år som i fjor møje skriging, eg va håse i stemmen i to lange dagar ittepå. Iulage bilen me Henning å Kjelly vant prisen for beste bil, å me andre fra traktoren jubla me som om me hadde vonne prisen sjøl. Faktisk så trudde me kanskje akkurat de.

Itte litt soving klarte eg å ta på meg bu-



Love is in the air!

naden sjøl, og kom meg inn te Judaberg. I år blei hallen tatt i bruk, å de va jo fint. Trur de va kjekt me litt plass for alle di tunge bunadsfolkå, pluss at der sikkert aldri har vert så mangan som har hørt på 17. mai talen. Bagtingen va at de blei nok litt vel tamt i folkatoget. Store deler av publikum hadde gjømt seg inne i fleirbrugshallen, å dessuden gjekk ungdomslaget heilt bagerst.

Itte toget fortsatte di tradisjonelle aktivitetane, som å gjetta vekt, springa 60 meteren og andre opplegg. Den kjekaste aktiviteten i år va å kjøra trillebår



De sje allti lett for Aina når både Lars R., Roger å Vangen mase om at di adle vil ha sånn fine store ballong me fargebånd i NÅ.

me bind for auene. Der utklassa me ungane itte litt trening. Me savna selvfølgelig sekkehoppingå som ikkje va på plass i år.

For å komma me ett lide tips te arrangørane, så savne eg litt sånne skuespel opplegg så di har i Amerika. Der di kler seg ut å lege at di e å på ei slagmark elle noye. Alle har sånne fine soldatkler åsså ende alt me at di ligge nere på bakken mens di vente på at alt ska ta slutt. Kanskje kunne me delt ut havragraud me



"Hurra! Åpent hus på Afia!"

bark istedenfor lapskaus, åsså kunne ungane fått hemmelige oppdrag. På slutten av dagen kunne me heist flag, songe sangar og heve kaga på Hitler, eller sendt alle nazistane me hurtigbåden. Der e mange historiar frå Finnøy som me kunne spelt litt på. Men for alt i verden, feiringå e bra som ann e.

På kvelden, som di andre kveldane di siste årå, måtte me verr inne på Lauvsnes. De e så absolutt kjekkast å verr ude me sånne anledningar. Men Hanne hadde ansvar, og eg følte der va ei goe stemning inne. Heldigvis blei der anledning te å grilla litt og. Svein hadde ein fine liten andakt for oss, åsså sang me litt. Me fekk sjå litt av iulage si nettsia, som faktisk blei sinnsykt reklamert for heile dagen.

Slig va altså 17. mai i år, slettes ikkje ulig fjorårets. Litt kjekkare bare kanskje. Ein liten konklusjon får uansett verr at bunaden min veie 3,2 kilo, og at ja, eg elske faktisk dette landet!!!



Nede til høgre ser du foten til redaktøren



# Ungdomsmøte

21. mai



*Kongsviken merke t sin forargring at han hadde øvesitt huskelappen på mobilen om å skriva inn någen av sine berømte snømannvitsar på jukselappen.*

Av: Mairianne Ildstad

**Ute skein sola og inne på Lauvsnes var alt gjort i stand te møtet då dørene blei åpna. I inngongen stod muntre og glae unge Sandanger og Vangen klar med programmet for kvelden og godord på tungå, for å gjer møtet til ei hyggjeleg oppleving frå fusste stund av.**

Denne kvelden va bedehuset flott pynta med blomster og ei masse stearinlys, som ga ei spesielle og behagelige stemning. I kiosken stod snop, kaffi og skulebollar klare te salg, og i møtesalen rulla vakre naturbilder og bibelvers med flotte tonar i bakgrunnen øve storskjermen.

Folk va i godt humør og stemninga goe då det va på tide å komma i gong med møtet. Som ein "ice breaker" på det heile kjørte me i gong med reprise frå



*T5PC sitt nyaste medlem.*

"Bakvendt kveld", som blei arrangert i februar: ein morsomme kortfilm laga av Kjell Morten og Lars, som fekk folk te å slappa av og trekka på smilebåndet. Lat-teren spredde seg lett og muntert blant folkå i salen. Før talaren fekk sleppa te song Kjell Morten songen "Simple man", (skreve av kristenrock bandet Whitecross), Kristi Nordbø med venner hadde et dramastykke for oss (kjempe bra jobba jenter!!), og me song et par lovsongar. (alt som gjekk føre seg denne kvelden hadde tilknytning te temaet: Gud Vår Far.).

Den egentlige talaren for denne lordagskvelden den 21, Kjell Rune Fjellheim, blei bytta ut med Eirik Kongsvik, på grunn av misforståelsar og den slags kjedelige ting. Sjølv om teknologien e på topp, e det ikkje allti lika godt å få kommunisert skikkelig, så den tilgir me. Men me ønske Kjell Rune hjertelig velkommen te øynå vår ved ein aen anledning! I følge ryktet e detta ein unge mann med mången talent så me glede oss te han får tid te å besøka oss.

I andakten sin hadde Eirik litt bibelhistorie for oss, slik at me fekk litt påminning om koss Gud e som far. Han fortalte ein del om kor fantastisk det e å ha ein far som alltid er der og som alltid tilgir ein. For slik ein far e det Gud e for alle menneske. Tenk på det!

Min kjære søster Anita e ein kløppar på å skriva dikt og me va så heldige å få "låna" et denna kvelden, opplesingå tok Kristi Landa seg av. Kjempe flott va det! Då dikte va lest spelte lovsongsteamet opp te meir allsong, te ære for Gud, før me ga folk muligheten te å gå te forbønn. Forbønnsdelen fungerte slik at to team, et jente og eit gutta-team, satte seg på kjøkken/biljardrom, og så kunne kim som ville nytta anledningen te forbønn mens lovsongsteamet song ennå meir lovsongar.. Forbønn e ein fantastisk ting som adle burde ha benytta seg av, og det va der någen som gjore denne kvelden og, kjempe bra!



*Kim andre enn pr-kåde Hanne klarte å hindra at d nyinnstalerte sikkerhetskamerae på kbyggene ikkje klarte å få et godt nok bilde av brunsaskaren?*

Då dei som ville bli bedd for hadde fått gjort det, song me "Syng lovsong hele jorden" allkapella, det va utroligt mektigt! Nydeligt! "Som når et barn kommer hjem" blei så lest opp av Brit Idsøe, før me runda av møtet med "Velsigninga". Som du nok forstår blei detta ein svært så hyggjeleg kveld som ga åndeligt påfyll på sitt besta! Gud e goe! Så synd va det at det ikkje krydde av folk denna flotte mai dagen... Men dei som møtte opp fekk jaffal ein "neraktigt" goe kveld, og det er det som telle!

Nå håpe me bare på at neste ungdomsmøte som bler fredag 10 juni, vil fylla opp heile salen på Lauvsnes av ungdom og unge vaksne! Her e adle velkomne! Å tusen takk te adle som bidrog på møtet!!! Bless you!

*Sjå kor stor kjærleik Faderen har synt oss: Vi skal kallast Guds born.*

*1. Joh 3,1*



*"Come on, come on, come on! Love is all ooooooover me!"*

## Tur til Folgefonna

Er du ikkje heilt klar for å gje slepp på den korte vinteren heilt enno? Frykt ikkje! Ungdomslaget arrangerar nemleg ein ski- og snowboardweekend til Folgefonna 1. juli!!! Dette er Norge sitt framste sommarskitrekk og flittig brukt av proffe folk (me kødde sje, d e heilt fakta! Red. Anm). Viss du ikkje er så trekkgal, er det også moglegheiter for brevandring med førar eller skitur til toppen av Folgefonna.



Overnattinga skjer på Folgefonn Gjestetun. Der får du sove i seng på rom frå 2 – 6 personar dersom du er raskt ute til å melde deg på! Medlemmar har førsteprioritet, for dei andre er det første mann til mølla. Alle måltider er inkluderte. Key Card, leige av ski / snowboard og dagskort / 2-dagarskort e.l. er ikkje inkludert. Prisar for dette finn du på [www.folgefonn.no](http://www.folgefonn.no)

Påmeldingsfristen er innan **fredag 24. juni**. Du kan melda deg på til Liv Elise: **984 40 875** eller Øystein: **992 71 652**. Det er plass til 45 stk, så dette er nok ein grunn til å vere rask med påmeldinga. Du vil få pakkliste og annan informasjon tilsendt etter påmeldinga, så det er ingen vits i å bryr dei du kan melda deg på til med spørsmål. Har du likevel spørsmål, ser me helst at du **RINGER, IKKJE SENDER SMS!!!**

Prisen er rekna til 1 300 kr dersom det blir rundt 30 påmeldte (me tek førebehold om endringar). Det vil bli ein rabatt for medlemmar på rundt 150 kr (denne kan variere noko etter antal påmeldte).

Aldersgrensa er frå og med 8. klasse og oppover. Voksne er altså også hjarteleg velkomne! Merk at turen kan bli avlyst dersom for få melder seg på!

## Inspirasjonshelg

Fredag 10. og lordag 11. juni e någen spennande datoar som der skjer masse kjekt på, som du bør notera deg! For då e d duka for INSPIRASJONSHELG, juhuu!!! På fredagen invitere me te Ungdomsmøte på Lauvsnes med møyje interessant og inspirerande på programmet, her bler d møyje kjekt for ein kver smak! Å på lordagen skjer d stora: då ska me erobra BRU!! :) Jepp, me ska trykka oss inn i bilar, hoppa ombord i ferjå som går frå Ladstein kl 10.00, og gjer oss klar for ein artige dag med møyje lått og løye, spenna bilbeltene godt og ta ut, heilt te Bru!

På den "holmen" vente et lass av utfordringar, kjekke sosiale aktiviteter og konkurransar! Sist me va der, fekk me hørra at Finnøy Kristelege Ungdomslag va d kjekkaste laget som hadde vore der, for me va så flinke te å ta på kvarandre;) Dette kan jo hørrast rart ut, men d kom rett og slett av at me tok så godt vare på kvarandre og stolte på kvarandre.. For d e viktig på ein dag som detta"! Her ska me nemlig utvikla tilliten te kvarandre, tørra stola på dei me har rundt oss, og bygga opp et solid fellesskap:)

Detta MÅ du få med deg! Heilt topp e d:) Masse humor kan me lova at d bler,og e me heldige så skinne solå på sitt besta. Grilla ska me og,så ta med grillmat. Men du? Viss du vil ver med så meld deg på te Ungdomslagsmobilen: **905 97 150** via sms, innen fredag 10.juni..! Der e kun plass te 30stk, så ver raske!! Dette bler SJEF! Litt kostnader bler der, pris e ikkje avtalt ennå, men dyrt bler d ikkje. Håpe DU melde deg på:)

## Kommande arrangement

### 28.mai: Ung og sporty

Sentralskulen kl 20.00 : aktiviteter ute i d fri! Her blir d volleyball og fotball turneringar, premiar, salg av kioskvarer og andaktsstund. Ta med nista!

### 4.juni: Bibel og boks

I Teigen kl 21.00: morsomme leker som Boksen av og Et lite blink, vil dena kvelden bli arrangert i vårt flotte friluftsområde: Teigen. Møt opp i varme kler og ver med du og! Utpå kvisten samles me te andaktsstund. Be there!

### 10.juni: Ungdomsmøte

Nok et ungdomsmøte vil bli arrangert på Lauvsnes, denna gongen på ein fredagskveld! Dette møtet e fusste del av ei såkall : Inspirasjonshelg", ei helg som du kje må gå glipp av! Eirik Kongsvik vil stå for "preikå" detta møtet, og der vil blant aent bli: møyje lovsong, songinnslag og anledning te forbønn. D blir og salg av någe godt å bita i, samt kioskvarer.

### 11.juni: Tur til Bru

Ut på tur aldri sur! Møt opp på Ladstein kl.10.00 og bli me på ein interessant og utroligt spennande og inspirerande tur te Bru! Me kan denna dagen tilby masse aktiviteter og utfordringar, någe for ein kver smak! Adle som har vore med på detta før vett at detta e et fenomenalt bra opplegg som gir meirsmak. Goe kler og grillmat e viktig å ha med for at dagen ska bli heilt maks! Pris kjeme me tebakkers te.. "Alle, alle, vil vi ha med" - få med deg ein venn og to, så bler me fort ein goe gjeng!

### 18.juni: Stratego

Et mystisk, nervepirrende og intenst spel med møyje lått og løye vente på deg i Teigen denne dagen! Når klokka nerme seg 20.00 møte du opp, viss du tør, i Teigen, der du vil få meir informasjon om dette gamet... I tillegg te Stratego blir d andakt, kubb, volleyball og sosialt samvær, så ta turen oppom du og, detta bler SJEF!

Kopiert hjå:



**BYGGMAKKER Ladstein** Fordi det lønner seg!



**NORBOHUS Ladstein Bygg as** Tenk nytt - Bygg i Finnøy!